



Dok. ref.
25/55-19/K2-A20/8639

Dato:
15.04.20
25

Forskrift for skulefritidsordninga i Årdal kommune

Heimel: Vedteke av Kommunestyret i Årdal kommune 24.04.25. Forskrift til skulefritidsordningane har heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

FØREMÅL, DRIFT OG FORVALTNING

- A. Årdal kommune si skulefritidsordning skal drivast i samsvar med kommunale planar og vedtak, og etter nasjonale retningslinjer.
- B. Årdal kommune har ansvaret for drift og vedlikehald.
- C. Ordninga er administrativt knytt til grunnskulen.
- D. Grunnskulen sitt foreldreråd og samarbeidsutval er styringsorgan for skulefritidsordninga.
- E. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga.
- F. Rektor har ansvaret for den daglege drifta.

SKULEFRITIDSTILBODA

Barn i 1. -4. klasse får tilbod om plass ved skulefritidsordninga.

Barn i 5. -7. klasse med særskilde behov vil etter søknad få tilbod om plass ved skulefritidsordninga. Tilbodet er gratis for denne elevgruppa.

Tilboda vert gjevne etter tre alternativ:

- 1. FØR undervisningstid
- 2. ETTER undervisningstid
- 3. FØR OG ETTER undervisningstid
- 4. KJERNETID (kl 07.50-15.00)

OPPHALDS OG OPNINGSTIDER

Eit SFO-år går frå veke 31 til og med veke 28. Elevar i 1.klasse startar på SFO første skuledag.

- A. Skulefritidsordninga har ope mellom kl. 06.45 -16.00 kvar dag.
- B. På årsbasis følgjer opningstida i SFO skuleruta for grunnskulen.
- C. Årdal kommune tilbyr 12 timar gratis opphaldstid i SFO for 1., 2., og 3. klasse både før og etter undervisning. 12 timars gratis kjernetid i SFO er frå kl 07.50-15.00 kvar vekedag.
- D For skulefrie periodar (feriar og elevfrie dagar) gjeld følgjande:

SFO held stengt i juleferie, påskeferie og andre elevfrie einskild-dagar og veke 29 og 30 om sommaren.

I haustferie, vinterferie og resten av sommarferien vert tilbodet gjeve ved minimum fem søkjarar samla i kommunen. Lokalitet vert enten på Tangen skule eller Farnes kule. I særskilte tilfeller kan dette endrast.

Opningstider i ferie-SFO er 06.45-16.00

Merk at tilbodet i skulefrie periodar vert organisert etter behov mot betaling, og at dette ikkje må gå ut over barna sin rett til 5 vekers ferie i skuleåret, samt at 3 av desse vekene skal avviklast mellom skuleslutt og skulestart på sommaren.

LEIKE OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga brukar skulen sine disponible områder til ei kvar tid.

OPPTAK AV BARN

- A. Frist for hovudopptak av barn er sett til 1. februar og vert kunngjort i lokalpressa. Det skal søkjast på fastsette skjema med stadfesting av føresette sine inntekter medrekna trygd. Føresette har plikt til å melde frå til SFO-leiar om endringar i økonomiske tilhøve.
- B. Det kan søkjast om opptak gjennom heile året og det blir sett opp ei uprioritertventelista. Alle søknadane vert vurderte når ein får ledig plass.
- C. Rektor har ansvaret for opptaket. Det skal reserverast ein plass på kvar avdeling til etter handsaming av klager.
- D. Kvar søkjar skal vurderast særskilt i kvart einskild tilfelle.

KLAGERETT

Tildeling av plass/avslag på søknad om plass er å rekna som eit einskildvedtak, og forvaltningslova sine reglar gjeld.

Formannskapet er klageinnstans. Klage vert å senda tenesteområdet seinast tre veker etter at melding om vedtak er motteke.

TAP AV RETTER/OPPSEIING

- A. Skulefritidsordninga skal seiast opp skriftleg i «Visma flyt skole», med ein månads varsel.

- B. Oppseiing av plassen må skje innan den 1. eller 16. i månaden. Då har ein plass i SFO til den 1. eller 16. i månaden etterpå. Siste frist for oppseiing av plass før sommaren er 31. mars. Dette inneber at plassen vert ledig frå 1.mai.
- C. Etter vedtak av rektor kan barn miste plass dersom:
1. Den føresette ikkje betalar i rett tid
 2. Plassen vert nytta utover avtala tid

BETALING

Formannskapet vedtek betalingsordningar etter fullmakt frå kommunestyret.
For sein henting av barn vert fakturert med kr 200,-

Det vert betalt for opphald i 10 månader. Betalingsfrie månader er halve juni, heile juli og halve august.

I samband med at barn tek til i SFO i løpet av skuleåret gjeld følgjande reglar:

- Byrjar 01. -15. 1/1 månadsbetaling.
- Byrjar 16. -31. 1/2 månadsbetaling

Foreldrebetalinga gjeld frå den datoen barnet får tildelt plass.

BEMANNING

Årdal kommunale SFO skal ha ei bemanning tilsvarande 16 born pr. vaksen.

SØSKENMODERASJON I BARNEHAGAR OG SKULEFRITIDSORDNING

Det er ikkje søskenmoderasjon i skulefritidsordninga, jfr KS 101-24

Odd Einar Fimreite

Kommunalsjef oppvekst og kultur